



Møteprotokoll for Plan- og kommunalteknisk utval

Møtedato: 12.06.2019
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: kl. 13:00 – kl. 18:15

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Solberg	H	Utvalseiar
Annbjørge Bysheim Herland	KRF	Medlem
Lars Fjeldstad	SP	Medlem
Silje Midtbø Vevle	MDG	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Torunn Åsheim	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Nestleiar

Følgjande frå administrasjonen møtte: Leiar for teknisk forvaltning og utvalssekretæren. Sektorleiar Samfunnsutvikling var til stades i starten av møtet (gjekk etter sak 065)

Sakliste

Saknr	Tittel
058/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
059/19	Godkjenning av møtebok
060/19	Referatsaker og meldingar
061/19	Delegerte saker
062/19	1. gongs handsaming - Detaljregulering Hosanger Næringsområde - PlanID 12532015003
063/19	Planinitiativ til avklaring- detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone planID 12532019003
064/19	104/33 Bernes Indre Søknad om dispensasjon til oppføring av naust - handsaming av klage
065/19	111/40 - Raknes Øvre - Søknad om dispensasjon til arealoverføring av tilleggsareal til 111/27 - handsaming av klage
066/19	Byggesak GBNR 89/9 Mjøs - Søknad om dispensasjon for oppføring av garasje

- 067/19 1. gongs offentlig ettersyn - Detaljregulering Angelskår akvakulturområde
- 068/19 129/87 - Hamre - Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen - kai - handsaming av klage
- 069/19 Behandling av klage - Søknad om løyve til tiltak - gbnr 135/3 Runhovde
- 070/19 137/221 Valestrand - oppføring av einbustad - handsaming av 4 klagar
- 071/19 Delingssak GBNR 145/7 - Reigstad - Klage på vedtak i søknad om deling av grunneigedom etter jordlova
- 072/19 32/16 Skistad - Søknad om dispensasjon - oppføring av tilbygg til bustadhus med overbygd uteplass - oppføring av garasje med tilbygg carport
- 073/19 Landbrukssak GBNR 41/7 - Mæle - Klage på avslag på søknad om løyve til omdisponering av landbruksjord etter jordlova
- 074/19 Landbrukssak GBNR 21/5 - fnr. 16 - Hakenes - Klage på vedtak etter jordlova - innløyving av festetomt
- 075/19 Lokal føresegn om utslepp av sanitært avlaupsvatn, høyring.
- 076/19 92/9 og 92/13 Hole - Søknad om dispensasjon frå sentrumsføremål - handsaming av klage – ettersend sak til møtet

058/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart ikkje gjort vedtak om merknader til innkalling og sakliste.

PL - 058/19 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

059/19: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, hadde merknad til protokollen, sak 056/19: "I sak 056/19 vart det gjort ein sakshandsamingsfeil. Her vart det sett fram eit motforslag til rådmannen og dette vart røysta over. Mitt forslag fekk ei røyst, og dermed fekk rådmannen sitt framlegg 6 røyster. Rådmannen si innstilling vil alltid liggje som forslag til vedtak, og mitt forslag var då eit motforslag som fall. Så vart saka banka, og dermed avslutta. Deretter gjekk alle andre parti på gruppemøte, for så å setje fram forslag om utsetjing for synfaring og røyste for dette. Saka var då avslutta og forslaget om synfaring er feil handsama, og er ugyldig. Dette er ein sakshandsamingsfeil, og må noterast i protokollen. Dersom vedtaket om synfaring skulle vore gyldig, måtte saka vore tatt oppatt til handsaming før møtet var slutt. Dette til orientering."

Utvalsleiaren viste i sitt svar til at innhaldet i denne merknaden til sak 056/19 ikkje gir ei rett framstilling av utvalet si sakshandsaming i møtet.

Protokoll frå møtet 08.05.2019 vart samrøystes godkjend.

PL - 059/19 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 08.05.19 vert godkjend.

060/19: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Fartsgrense FV 359 Haus-Mjeldalen

Utvalet bad om vidare oppfølging av denne saka, jfr. formannskapet si handsaming av same sak.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 060/19 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

061/19: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 061/19 VEDTAK:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

**062/19: 1. gongs handsaming - Detaljregulering Hosanger Næringsområde - PlanID
12532015003**

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert framlegg til plan for Detaljregulering Hosanger Næring PlanID 12532016006 datert, plankart datert 02.05.2019, planskildring datert 02.05.2019, føresegner datert 24.05.2019, VA rammeplan datert 05.04.2017 og tilhøyrande vedlegg lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Før endeleg vedtak av plan må reell flaumfarekartlegging gjennomførast og eventuelle rekkjefølgekrav knytt til sikring/flaumførebygging må formulerast i føresegnene. Dimensjonerande skredtype med gjentaksintervall (årleg nominellt sannsyn jamfør teknisk forskrift) må kartfestast og omtalast i føresegnene.

Planen erstattar deler av Hosanger sentrum PlanID 504_63 og heile Hosanger industriområde PlanID 2008300.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Seksjonsleiar samfunnsutvikling var til stades ved utvalet si handsaming. Ho refererte og kort frå handsaminga av saka i formannskapet.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

PL - 062/19 VEDTAK:

"I medhald av plan og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert framlegg til plan for Detaljregulering Hosanger Næring PlanID 12532016006 datert, plankart datert 02.05.2019, planskildring datert 02.05.2019, føresegner datert 24.05.2019, VA rammeplan datert 05.04.2017 og tilhøyrande vedlegg lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Før endeleg vedtak av plan må reell flaumfarekartlegging gjennomførast og eventuelle rekkjefølgekrav knytt til sikring/flaumførebygging må formulerast i føresegnene. Dimensjonerande skredtype med gjentaksintervall (årleg nominellt sannsyn jamfør teknisk forskrift) må kartfestast

og omtalast i føresegnene.

Planen erstattar deler av Hosanger sentrum PlanID 504_63 og heile Hosanger industriområde PlanID 2008300."

063/19: Planinitiativ til avklaring- detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone planID 12532019003

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret vedtek, med heimel i plan-og bygningslova §§ 12-1 og 12-3, oppstart av arbeid med privat detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone planID 12532019003 gbnr 87/3 m.fl. med planavgrensing dagsett 090519.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Seksjonsleiar samfunnsutvikling var til stades i møtet ved utvalet si handsaming. Ho referte og kort frå handsaminga av saka i formannskapet.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

PL - 063/19 VEDTAK:

"Heradsstyret vedtek, med heimel i plan-og bygningslova §§ 12-1 og 12-3, oppstart av arbeid med privat detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone planID 12532019003 gbnr 87/3 m.fl. med planavgrensing dagsett 090519."

064/19: 104/33 Bernes Indre Søknad om dispensasjon til oppføring av naust - handsaming av klage

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Klage motteke 03.05.2019 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 10.04.2019 saknr. 033/19 vert

oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for vidareending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen finn ikkje nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Lars Fjeldstad, SP, gjorde slikt framlegg om tillegg til vedtak: "Utvalet vil presisera at båten som framkomstmiddel er særskilt viktig på denne staden. Gangstien fram til hytta er særskilt ulendt og utfordrande og turen tar ca 25 minuttar.

Me vil samstundes presisera at me meiner fylkesmannen i Vestland her har tatt ei feil avgjerd og vil oppmoda Fylkesmann/Setjefylkesmann på det sterkaste om å ta ei synfaring på staden før han tar ei beslutning i saka.

Sjå vedlagte bilete frå gangstien då utvalet var på synfaring."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg med slikt tillegg som foreslått i møtet - samrøystes

PL - 064/19 VEDTAK:

"Klage motteke 03.05.2019 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 10.04.2019 saknr. 033/19 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for vidareending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen finn ikkje nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast. Utvalet vil presisera at båten som framkomstmiddel er særskilt viktig på denne staden.

Gangstien fram til hytta er særskilt ulendt og utfordrande og turen tar ca 25 minuttar.

Me vil samstundes presisera at me meiner fylkesmannen i Vestland her har tatt ei feil avgjerd og vil oppmoda Fylkesmann/Setjefylkesmann på det sterkaste om å ta ei synfaring på staden før han tar ei beslutning i saka.

Sjå vedlagte bilete frå gangstien då utvalet var på synfaring.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

065/19: 111/40 - Raknes Øvre - Søknad om dispensasjon til arealoverføring av tilleggsareal til 111/27 - handsaming av klage

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Klagar får ikkje medhald i klage av 07.05.2019, vedtak i plan- og kommunalteknisk utval av 10.04.2019 saksnr 036/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 10.04.2019 saksnr. 036/19 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.45 - kl. 14.55 med gruppemøte for FRP, H, SP, MDG og KRF.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde på vegner av FRP, H, KRF og SP slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til arealoverføring av om lag 360 m2 frå gnr. 111/bnr. 40 til gnr. 111/bnr. 27, jfr. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving: Omsyna bak regelen det er søkt dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje tilsidesette. Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon større enn ulempene, jfr. jfr. plan- og bygningslova § 19-2, 2. ledd. Med å gje løyve kjem ein heller ikkje i konflikt med jordlova og intensjonen med lova då eigedomen ikkje har verdi som jordbruksland og allereie er delt frå ein landbrukseigedom. Den delinga det no er snakk om er ei overføring frå ein privat bustadtomt til ein fritidseigedom. Saka vil ikkje føra til presedens for seinare saker. Me ser på dette som ei opprydding i ein eigedomshandel som vart gjort for over 20 år sidan."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15.00 - kl. 15.05 med gruppemøte for AP og MDG.

Øyvind Litland, AP, viste til fellesframlegget og at AP og MDG vil slutta seg til dette.

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	0 røyster
Fellesframlegget frå FRP,H,SP,KRF, AP og MDG	-	samrøystes (1H,2AP,1MDG,1FRP,1SP,1KRF)

PL - 065/19 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til arealoverføring av om

lag 360 m2 frå gnr. 111/bnr. 40 til gnr. 111/bnr. 27, jfr. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving: Omsyna bak regelen det er søkt dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje tilsidesette. Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon større enn ulempene, jfr. jfr. plan- og bygningslova § 19-2, 2. ledd. Med å gje løyve kjem ein heller ikkje i konflikt med jordlova og intensjonen med lova då eigedomen ikkje har verdi som jordbruksland og allereie er delt frå ein landbrukseigedom. Den delinga det no er snakk om er ei overføring frå ein privat bustadtomt til ein fritidseigedom. Saka vil ikkje føra til presedens for seinare saker. Me ser på dette som ei opprydding i ein eigedomshandel som vart gjort for over 20 år sidan."

066/19: Byggesak GBNR 89/9 Mjøs - Søknad om dispensasjon for oppføring av garasje

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a, 12-4 og 12-5, nr. 5 til oppføring av garasje på eksisterande grunnmur på gnr. 89 bnr. 9, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelan med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 066/19 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a, 12-4 og 12-5, nr. 5 til oppføring av garasje på eksisterande grunnmur på gnr. 89 bnr. 9, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelan med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

067/19: 1. gongs offentlig ettersyn - Detaljregulering Angelskår akvakulturområde

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert framlegg til plan for Detaljregulering Angelskår akvakulturområde – planID12532019001 – med føresegner datert 22.05.2019, plankart datert 22.05.2019 og planskildring datert 22.05.2019 og tilhøyrande dokument, lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke

PL - 067/19 VEDTAK:

"I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert framlegg til plan for Detaljregulering Angelskår akvakulturområde – planID12532019001 – med føresegner datert 22.05.2019, plankart datert 22.05.2019 og planskildring datert 22.05.2019 og tilhøyrande dokument, lagt ut til høyring og offentlig ettersyn."

068/19: 129/87 - Hamre - Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen - kai - handsaming av klage

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Klagar får ikkje medhald i klage motteke 13.02.2019 med grunngjeving motteke 07.05.2019, vedtak av 23.01.2019 saksnr. 006/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i

Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 23.01.2019 saksnr. 006/19 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15.30 - kl. 15.40 med gruppemøte for FRP, H, MDG, SP og KrF.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7, nr. 1 og 6 og § 11-9, nr. 5, samt § 12-14, nr. 2 til bygging av kaifront som omsøkt på gnr. 129/bnr. 87, jfr. plan- og bygningslova § 19-2. Grunngjeving: Me ser positivt på tiltaket då dette er snakk om samanføyning av 2 eksisterande kaiseksjonar. Tiltaket vil opne opp for offentleg auka bruk av strandsona, då både skule, kyrkja, turisme, m.m. vil kunne nytte kaien. Det er og klart positivt i høve helse, miljø og tryggleik og tilgjenge for ålmenta. Me ser og at tiltaket vil opne opp for ferdsel og friluftinteresser ved fjorden."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	5 røyster (2AP,1MDG,1SP,1KRF)
Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg	-	2 røyster (1H,FRP)

PL - 068/19 VEDTAK:

"Klagar får ikkje medhald i klage motteke 13.02.2019 med grunngjeving motteke 07.05.2019, vedtak av 23.01.2019 saksnr. 006/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 23.01.2019 saksnr. 006/19 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

069/19: Behandling av klage - Søknad om løyve til tiltak - gbnr 135/3 Runhovde

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vedtak i sak 137/19 handsama administrativt den 30/04/2019 vert oppretthalde.

Klagen vert send fylkesmannen i Vestland for endelig avgjerd.

Grunngjeving:

Kommunen legg til grunn at tiltaket er i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke

PL - 069/19 VEDTAK:

"Vedtak i sak 137/19 handsama administrativt den 30/04/2019 vert oppretthalde.

Klagen vert send fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjeving: Kommunen legg til grunn at tiltaket er i tråd med gjeldande reguleringsplan. Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

070/19: 137/221 Valestrand - oppføring av einebustad - handsaming av 4 klagar

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Klagarane får ikkje medhald i klagar motteke 11.04.2019, 12.04.2019 og 15.04.2019, vedtak om rammeløyve av 21.03.2019 saknr. 099/19 vert oppretthalde, og klagane vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving:

Det har ikkje kome nye moment i klagane som fører til at kommunen sitt vedtak av 21.03.2019 saknr. 099/19 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Torunn Åsheim, AP, gjorde framlegg om utsetjing for synfaring.
Framlegget vart trekt før avrøysting.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke

PL - 070/19 VEDTAK:

"Klagarane får ikkje medhald i klager motteke 11.04.2019, 12.04.2019 og 15.04.2019, vedtak om rammeløyve av 21.03.2019 saknr. 099/19 vert oppretthalde, og klagene vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving:

Det har ikkje kome nye moment i klagene som fører til at kommunen sitt vedtak av 21.03.2019 saknr. 099/19 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

071/19: Delingssak GBNR 145/7 - Reigstad - Klage på vedtak i søknad om deling av grunneigedom etter jordlova

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Klage motteke 04.06.18 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 09.05.18 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast.

Søknaden om frådelling av våningshuset på landbrukseigedomen Reigstad, gnr. 145 bnr. 7 blir avslått.

Vedtaket er heimla i jordlova §§1, 9 og 12 og blir grunngeven med at frådellinga vil medføre reduksjon i inntekspotensialet til landbrukseigedomen og at oppretting av ein fritt omsetteleg bustadeigedom i eit viktig kulturlandskap aktivt jordbruksområde lett kan medføre konflikhtar mellom bustadinteresser og landbruksinteresser. Ei slik frådelling vil og medføre eit auka press på nedbygging av eit flott kulturlandskap og eit viktig kjerneområde for landbruk.

Saka blir sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Klagen vert teken til følgje. Det vert gjeve løyve til frådelling og oppretting av ny parsell som omsøkt. Grunngeving: Tiltaket er svært likt eit liknande tiltak som vart gjeve løyve til på ein naboeigedom for ei tid tilbake. Dette vart godkjent, og me kan ikkje sjå at det er noko som tilseier at det ikkje bør gjevast løyve her. Ein minner og om at ei frådelling vil auke sjansen for at jorda på avgjevareigedomen vert drifta i framtida."

Torunn Åsheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 051/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring."

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 16.15 - kl. 16.40 med gruppemøte for SP, KRF, AP, MDG og H.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde på vegner av FRP og H slikt framlegg: "Klagen vert teken til følgje. Det vert gjeve løyve til frådelling og oppretting av ny parsell som omsøkt. Grunngeving: Tiltaket er svært likt eit liknande tiltak som vart gjeve løyve til på ein naboeigedom for ei tid tilbake. Dette vart godkjent, og me kan ikkje sjå at det er noko som tilseier at det ikkje bør gjevast løyve her. Ein minner og om at ei frådelling vil auke sjansen for at jorda på avgjevareigedomen vert drifta i framtida."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	4 røyster (1AP,1MDG,1SP,1KRF)
Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg	-	3 røyster (1H,1AP,1FRP)

PL - 071/19 VEDTAK:

"Klage motteke 04.06.18 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 09.05.18 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast.

Søknaden om frådeling av våningshuset på landbrukseigedomen Reigstad, gnr. 145 bnr. 7 blir avslått.

Vedtaket er heimla i jordlova §§1, 9 og 12 og blir grunngjeven med at frådelinga vil medføre reduksjon i inntekspotensialet til landbrukseigedomen og at oppretting av ein fritt omsetteleg bustadeigedom i eit viktig kulturlandskap aktivt jordbruksområde lett kan medføre konflikhtar mellom bustadinteresser og landbruksinteresser. Ei slik frådeling vil og medføre eit auka press på nedbygging av eit flott kulturlandskap og eit viktig kjerneområde for landbruk.

Saka blir sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd."

072/19: 32/16 Skistad - Søknad om dispensasjon - oppføring av tilbygg til bustadhus med overbygd uteplass - oppføring av garasje med tilbygg carport

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a til oppføring av tilbygg til bustadhus med overbygd uteplass, og oppføring av garasje med tilbygg carport på gnr. 32, bnr. 16, Skistad, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Kommunen gjev dispensasjon frå gjeldande utnyttingsgrad i kommuneplanføresegn punkt 1.5, jf. plan- og bygningslova § 11-9, nr. 5, til auka utnyttingsgrad 32 % BYA på gnr. 32, bnr. 16, Skistad, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 072/19 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a til oppføring av tilbygg til bustadhus med overbygd uteplass, og oppføring av garasje med tilbygg carport på gnr. 32, bnr. 16, Skistad, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Kommunen gjev dispensasjon frå gjeldande utnyttingsgrad i kommuneplanføresegn punkt 1.5, jf. plan- og bygningslova § 11-9, nr. 5, til auka utnyttingsgrad 32 % BYA på gnr. 32, bnr. 16, Skistad, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Sjø i tillegg rådmannen si vurdering."

073/19: Landbrukssak GBNR 41/7 - Mæle - Klage på avslag på søknad om løyve til omdisponering av landbruksjord etter jordlova

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Klage motteke 06.06.18 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 08.05.18 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast.

Søknaden om løyve til omdisponering av jordbruksareal for bygging av nytt våningshus på

landbrukseigedomen «Mæle», gnr. 41 bnr. 7 i Osterøy kommune blir avslått.

Vedtaket er heimla i jordlova §§ 1 og 9. Vedtaket blir bl.a. grunngeven med at det ut frå drifta som er på eigedomen ikkje er trong for to bustadhus på eigedomen og at det går ut over dyrka jord som kan føre til auka nedbygging av jordbruksareal i eit viktig jordbruksområde. Det blei seinast i 2007 frådelt dåverande kårhus i frå gardsbruket med grunngeving av at det ikkje var trong for huset.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - utsetjing

Framlegget vart samrøystses vedteke.

PL - 053/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring."

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg på vegner av FRP og H: "Klage motteke 06.06.18 vert teken til følgje, og vedtak av 08.05.18 vert gjort om, og det vert gjeve løyve som omsøkt til oppretting av ny grunneigedom. Grunngeving: Dette er ein eigedom som i dag er utan drift. Her vil ein ung familie flytte heim og drive garden, og etablere seg på Osterøy. Dette vurderer me som vesentleg for å kunne gje løyvet. Det vert synt til at det vart frådelt eit hus frå dene eigedomen i 2007, då det ikkje var trong for huset på garden. No er situasjonen at den som eig garden bur i Bergen, men vil flytta heim. Dette er ei vesentleg endring som vil bidra til at det vert liv på garden att. Dette stettar krava i jordlova § 1 og er ikke i konflikt med jordlova § 9 då området som er søkt frådelt er lite eigna som jordbruksland."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 16.50 - 17.05 med gruppemøte for SP, AP, KRF og MDG og for H og FRP frå kl. 16.55 - kl. 17.00

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	5 røyster (2AP,1MDG,1SP,1KRF)
Felles framlegg frå FRP og H	-	2 røyster (1H,1FRP)

PL - 073/19 VEDTAK:

"Klage motteke 06.06.18 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 08.05.18 vert oppretthalde og saka vert

send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving:

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast.

Søknaden om løyve til omdisponering av jordbruksareal for bygging av nytt våningshus på landbrukseigedomen «Mæle», gnr. 41 bnr. 7 i Osterøy kommune blir avslått.

Vedtaket er heimla i jordlova §§ 1 og 9. Vedtaket blir bl.a. grunngjeven med at det ut frå drifta som er på eigedomen ikkje er trong for to bustadhus på eigedomen og at det går ut over dyrka jord som kan føre til auka nedbygging av jordbruksareal i eit viktig jordbruksområde. Det blei seinast i 2007 frådelt dåverande kårhus i frå gardsbruket med grunngjeving av at det ikkje var trong for huset."

074/19: Landbrukssak GBNR 21/5 - fnr. 16 - Hakenes - Klage på vedtak etter jordlova - innløyising av festetomt

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Klage motteke 06.02.2019 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 17.01.2019 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast. Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Rådmannen v/leiar teknisk forvaltning, orienterte om administrasjonen si handsaminga av saka, og kva rettleiing som er gitt til søkjar i tilknytning til denne.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert avvist då det allereie er gjeve løyve, jfr. brev med arkivreferanse 18/1649 - 18/22572 datert 30.11.2018, då det her allereie er gjeve løyve til frådelling av om lag 1100 m2 på denne dato."

AVRØYSTING - avvising

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - fall med 6 røyster (2H,2AP,1MDG,1KRF) mot 1 røyst (1FRP)

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 16.45 - kl. 16.55 med gruppemøte for H, AP, MDG og KRF.

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 056/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring."

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

Til møtet vart skriv med tilleggsinformasjon frå klagar delt ut.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 17.15 - kl. 17.35 med gruppemøte for SP, H, AP, MDG og KRF.

Atle Solberg, H, viste til det utdelte dokumentet og det vart halde pause i møtet for å lesa skrivet.

Lars Fjeldstad, SP, gjorde på vegner av SP, H, AP, KRF og MDG slikt framlegg: "Klage motteke 06.02.2019 vert teke til fylgje, vedtak av 17.01.2019 etter jordlova vert gjort om og gjort tilsvarande vedtak av 30.11.18 i administrativ sak 306/18.

Det vert gjeve løyve til omdisponering, frådeling og oppretting av ny grunneigedom.

Grensa mot nordvest vert justert slik at tomtestorleiken vert omlag 1100m2.

Saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving:

Tomta vil ha ei betre landskapstilpassing og vere meir hensiktsmessig for bruk. Tilgongen til ålmenta vil ikkje verte hindra.

Hyttetomta ligg tett i regulert hyttefelt og det fell uheldig ut at denne tomta skal handerast etter andre reglar.

Tomta har minimal landbruksverdi.

Samordningsplikta tilseier at vedtak av plan og bygningslova og jordlova burde vore samordna frå kommuneadministrasjonen. Planutvalet ser det som uheldig at søkjar har fått to motstridande vedtak til forskjellig tid."

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert avvist då det allereie er gjeve løyve, jfr. brev med arkivreferanse 18/1649-18/22572, datert 30.11.2018. Dette vedtaket er ikkje påklaga innan fristen og er difor gjeldande. Grunngjeving: I tråd med forvaltningslova vart dette vedtaket sendt ut

på høyring. Innan fristen gjekk ut, var det ikkje motteke merknader, men derimot melding om at ikkje Fylkesmannen hadde merknader til saka. Altså partar med rettsleg klageinteresse, jfr. fvl. §28. Det vert synt til at saka ikkje var handsama etter jordlova. Det er feil då denne saka var handsama av heradsagronom Totland, samt i fylkslandbruksstyret i Hordaland då tomte vart bygd i 1977.. . Saka bryt med fvl. § 35, bokstav a) som seier at "forvaltningsorganet kan omgjøre sitt eget vedtak dersom endringen ikke er til skade for noen som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser." Det er vanskeleg å sjå at det er positivt for søkjar dersom rådmannen sitt framlegg vert ståande."

AVRØYSTING - avvising

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - fall med 6 røyster (1H,2AP,1MDG,1SP,1KRF) mot 1 røyst (1FRP)

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg - 0 røyster
Fellesframlegg frå SP,H, MDG, KRF og AP - samrøystes vedteke

PL - 074/19 VEDTAK:

"Klage motteke 06.02.2019 vert teke til fylgje, vedtak av 17.01.2019 etter jordlova vert gjort om og gjort tilsvarende vedtak av 30.11.18 i administrativ sak 306/18.

Det vert gjeve løyve til omdisponering, frådeling og oppretting av ny grunneigedom.

Grensa mot nordvest vert justert slik at tomtestorleiken vert omlag 1100m2.

Saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving:

Tomta vil ha ei betre landskapstilpassing og vere meir hensiktsmessig for bruk. Tilgongen til ålmenta vil ikkje verte hindra.

Hyttetomta ligg tett i regulert hyttefelt og det fell uheldig ut at denne tomte skal handerast etter andre reglar.

Tomta har minimal landbruksverdi.

Samordningsplikta tilseier at vedtak av plan og bygningslova og jordlova burde vore samordna frå kommuneadministrasjonen. Planutvalet ser det som uheldig at søkjar har fått to motstridande vedtak til forskjellig tid."

075/19: Lokal føresegn om utslepp av sanitært avlaupsvatn, høyring.

Rådmannen sitt framlegg:

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalsleiar gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett inntil spørsmål frå formannskapet er avklarte, jfr.

handsaming av saka i formannskapet 05.06.19."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 075/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett inntil spørsmål frå formannskapet er avklarte, jfr. handsaming av saka i formannskapet 05.06.19."

Ettersend sak til møtet

076/19: 92/9 og 92/13 Hole - Søknad om dispensasjon frå sentrumsføremål - handsaming av klage

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Klaga får medhald i klage motteke 03.05.2019 og vedtak av 10.04.2019 saksnr. 033/19 vert oppheva, jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd."

Nytt vedtak i saka:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå arealføremålet sentrumsføremål, jf. kommuneplanføresegn punkt 2.27, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 1 til bygging/forlenging av bryggje/kai på gnr. 92, bnr. 9 og 13, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Det er krav om 5 dispensasjonssøknader for å gjennomføre det planlagde tiltaket. Handsaminga av dei 2 første dispensasjonssøknadene er endeleg avgjort og er avslått av Fylkesmannen i Rogaland i vedtak av 07.05.2019. Slik saka står er det ikkje grunnlag for å gjennomføre tiltaket før det er gjennomført ei grundig vurdering av arealdisponeringa i området.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

12.06.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - vedteke med 5 røyster (2AP,1MDG,1SP,1KRF) mot 2 røyster (1H,1FRP)

PL - 076/19 VEDTAK:

"Klagar får medhald i klage motteke 03.05.2019 og vedtak av 10.04.2019 saksnr. 033/19 vert oppheva, jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd."

Nytt vedtak i saka:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå arealføremålet sentrumsføremål, jf. kommuneplanføresegn punkt 2.27, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 1 til bygging/forlenging av bryggje/kai på gnr. 92, bnr. 9 og 13, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Det er krav om 5 dispensasjonssøknader for å gjennomføre det planlagde tiltaket. Handsaminga av dei 2 første dispensasjonssøknadene er endeleg avgjort og er avslått av Fylkesmannen i Rogaland i vedtak av 07.05.2019. Slik saka står er det ikkje grunnlag for å gjennomføre tiltaket før det er gjennomført ei grundig vurdering av arealdisponeringa i området. Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

Andre saker/spørsmål

Sektorleiar Samfunnsutvikling møtte i starten av møtet og svara på spørsmål om tildeling av trafiksikringsmidlar, oppfølging kring bygging av utleigebustader på Reigstad og status for arbeidet på Kringastemma.

Svara vert lagt ut i Møteportalen etter møtet.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, tok opp spørsmål om sluttoppgjerd for arbeidet med V/A-anlegg Fotlandsvåg – Tysse.

Sektorleiar viste til arbeidet med dette pågå.

Øyvind Litland, AP, tok opp att spørsmål om flytande leidning i Mjeldavatnet.

Sektorleiar viste til at dette problemet er teke hand om.

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til spørsmål og svar.

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalseiar vart desse valde: Torunn Åsheim og Silje Midtbø Vevle

Lonevåg, 14.06.2019

Bente Skjerping
Utvalsesekretær

Atle Solberg
utvalsleiar

Torunn Åsheim

Silje Midtbø Vevle